

Skygger i Ruiner / How to Proceed?

Sofie Hviid Vinther / Marit Helen Akslen

Galleri Salhus 1.mars – 19.april 2026

I utstillingane *Skygger i Ruiner* og *How to Proceed?* berører kunstnarane Sofie Hviid Vinther og Marit Helen Akslen svært aktuelle problemstillingar i vår samtid. Vi står i eit rom med verk som representerer to uredde stemmer. Stemmer som er tydeleg politiske i sin kritikk av vår samtid.

I utstillinga *Skygger i ruinert* tar Sofie Hviid Vinther oss med inn i arbeid, rutine, repeterande arbeidsoppgåver, der kroppen er nærast som ein forlenga del av maskinane å rekne;- og utfører det same arbeidet på same måte igjen og igjen. Dag etter dag, veke etter veke, år etter år. Eit fininnstilt maskineri og finjustert samarbeid mellom menneske og maskin.

Før industrialiseringa, då folk jobba med jord og dyr, hadde folk hardt fysisk arbeid og lite fritid, men dei hadde variert arbeid både gjennom dagen og i forhold til årstidene. I sum var arbeidet tydeleg meningsfullt ettersom dyrking av jord og dyrehald gav råvarer til foredling og mat på bordet, og samanhengen mellom alle arbeidsoppgåvene var lett å sjå. Bonden var oppteken av nøysomhet og berekraft, og hadde ein bevissthet omkring korleis ein kunne/skulle forvalte naturressursane. I den industrialiserte verda, fekk arbeidarane tydelege arbeidsoppgåver og avklart arbeidstid og fritid, men dei hadde einsformig arbeid, og utførte berre ein liten del av sluttproduktet. Arbeidaren er berre ein liten brikke i eit stort puslespel, og trass i at ein fekk løn for arbeidet som gav mat på bordet, kunne arbeidet kjennast meningslaust og monotont.

Sofie Hviid Vinther undersøker mange aspekt ved arbeidet i sitt kunstnarskap. T.d. kan enkle, repetitive arbeidsoppgåver kjennast trygt og gje meistringskjensle. Ein kan kjenne fellesskap med kollegaer, og ein kan kjenne på ein felles stolthet over produksjonsarbeidet. Ein byggjer identitet og personleg karakter gjennom rutine, disiplin, ivareta sin del av ansvaret etc... Når alle gjer det dei skal, så vil produkt i esker med etikettar nærast på magisk vis kome ut i andre enden av produksjonslinja. Industrialiseringa førte til auka produksjon og auka konsum, og lønsemd var viktig. Kostnadene skulle haldast låge, produksjonen måtte gje avkastning, ein måtte følgje med i tida/utviklinga, fornye/oppgradere maskinparken etc... Arbeidet kunne vere farleg/helseskadeleg mtp. kjemikalier, støv, støy og maskinar i drift. Auka forbruk → auka produksjon → auka utslepp. Tekstilindustrien er ein av dei mest forureinande industriane i verda. Det at vi fekk lover, reglar og fagforeiningar som sørge for tariffavtalar etc. gjorde oss mindre konkurransedyktige i konkurransen med den asiatiske marknaden. Så er spørsmålet likevel om det å akseptere at produksjonen skal skje i land som har svakare lover og regelverk er løysinga? For å halde prisane nede, aksapterer vi at dei blir produsert av arbeidarar med heilt andre arbeidsvilkår enn vi ville akseptere om varene skulle produserast her heime. Arbeid i tekstilindustrien i Asia gjev sjeldan ei løn å leve av, og inneber ofte risiko for liv og helse, samt eit stillingsvern som er svakt eller ikkje-eksisterande. Dette er ei sanning som ofte er skjult/gøymd for den vestlege forbrukaren på jakt etter moteriktige klede.

Sofie Hviid Vinther (f.1994) er utdanna frå Kunstakademiet i Bergen i 2021. Ho arbeider med installasjon, tekstil, performance, tekst og publikasjonar. Det industrielle og repetitive ligg tett på hennar arbeid både visuelt og innhaldsmessig. Vinter har hatt fleire separatutstillingar etter endt utdanning, er innkjøpt til KODE, og vi er stolte over å kunne vise hennar arbeid i Galleri Salhus.

<https://sofiehviidvinther.com/>

Tekstilar er noko vi alle har eit forhold til. Vi har dei inntil huden døgnet rundt, året rundt, frå vi vert fødte til vi ligg i grava. Kva plagg vi har på oss, er avhengig av luft-temperatur, humør, økonomi og tilgjengeligheit. Nokre stader er det t.d. mangel på klede, trass i at vi veit at vi har ein enorm overproduksjon av klede.

I sitt kunstnarskap har Marit Helen Akslen sett fokus på sosial ulikskap, makt og maktmisbruk, spenningar og endringar innafor økologi, økonomi og migrasjon. Gjennom dette viser ho oss kompleksiteten i vår sameksistens på jorda, og vår påverknad på natur og miljø. Oppveksten hennar på ein gard i Ålesund har gjeve henne respekt og forståing for samspelet i naturen og ressursane vi omgjev oss med.

Repetitive former og mønster er gjennomgåande verkemiddel i Akslen (og Hviid Vinther) sine verk. Slik synleggjer ho både tidsbruk og det manuelle arbeidet som ligg bak all tekstil produksjon.

I fleire av sine arbeid peikar Akslen på strukturelle samfunnsproblem som overforbruk, produksjonsvilkår og berekraft. Ho har i sitt kunstnarskap også satt fokus på hierarkiet i arbeidslivet, og i samfunnet generelt. Kven avgjer kva og kven som har verdi? Det er krig, fattigdom og elendigheit i verda. Mennesker med makt set seg sjølve over andre og over lova.

I denne utstillinga er det ikkje *eitt* påtrengande bilete eller *ein* situasjon som gjer at Akslen føler trong til å stille spørsmål og kritisere. Det er mange. Det er alt på ein gong, og det gjer om mogeleg denne utstillinga meir altomfattande og eksistensiell. Vi, dvs. menneskeheten, befinn oss i ein prekær situasjon. Vi lever i eit svært uroleg verdsbilete, der alt er usikkert og alt kjennest ute av kontroll.

Mykje ser dystert og håplaut ut. Vi ser elendigheit, liding, smerte og tap, ...og tittelen *How to Proceed?* spør altså: Korleis går vi vidare frå her vi er no? Kan vi finne spor av lys, av håp, at det må finnast ei framtid til dei born som vert fødte, og til det liv som finns på jorda?

Marit Helen Akslen (f.1971) er utdanna frå Kunsthøgskolen i Bergen i 2000. Ho utforskar mennesket sin sameksistens med omgjevnadene og påverknad på naturen. Hennar kunstnarskap er fundert i eit gjennomgåande politisk og feministisk engasjement der ho gjennom verka observerer, skildrar og kritiserer tema i vår samtid. Akslen var blant dei siste som blei tildelt Statens Garantiinntekt for Kunstnere (GI) i 2012 før ordninga blei avvikla.

Ho har stilt ut i både inn- og utland, er innkjøpt til ei rekke offentlege samlingar, og det er ei stor glede for oss å få vise arbeida hennar i Galleri Salhus.

<https://akslen.net/>